

Saksbehandlar: Eva Kristin Svidal, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/1962-2

## Ung kultur møtest, strategiplan 2020 - 2024 - Høyring

### Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for næring og kultur ser på strategiplan for UKM Norge 2020 – 2024 som ei vidareføring og justering i høve førre strategiplan. UKM må til ei kvar tid tilpasse og utvikle seg i høve endringar i ungdomskulturen og samfunnet generelt. Det syner framlegget til strategiplan vilje til.
2. Hovudutvalet vil likevel peike på følgjande som UKM Norge må ta omsyn til i vidare arbeid:
  - a) Det må komme tydeleg fram at dette er UKM Norge sin strategiplan. Strategiplanen forpliktar ikkje fylkeskommunen, men kan vere retningsgjevande.
  - b) UKM Norge ønskjer at UKM skal opplevast som relevant for ungdom. Å vere relevant handlar også om å kommunisere på ungdommen sitt eige språk. I Sogn og Fjordane har alle kommunane nynorsk som målform. Namn og visjon må ha ein versjon på nynorsk, og nettside, UKM-materiell og anna må også produserast på nynorsk.
  - c) Som oppfølging av strategiplanen, og for å sikre eit heilskapleg arbeid med UKM på tvers av nasjonalt, regionalt og lokalt nivå må samarbeidsavtalen med fylket frå 2012 takast opp til diskusjon og rullerast.
  - d) Dei nasjonale samarbeidsavtalane UKM Norge er part i må leggest til grunn for strategisk samarbeid, heilskapstenking og forankring. Det må vere eit mål å fremje ei meir heilskapleg satsing på kunst og kultur for barn og unge på alle nivå.
  - e) Det må utarbeidast ein handlingsplan for iverksetting av strategiplanen.
3. Ein større del av UKM Norge sine ressursar bør nyttast til å sikre fundamentet for og stimulere utviklinga av UKM i kommunane. Dette for å nå lenger i å legge til rette der flest ungdommar møter UKM.

#### **Vedlegg:**

Strategiplan 2020 – 2024

Kulturpolitikk for barn og unge – kva skal vi oppnå?

#### **Vedlegg som ikkje følgjer saka**

Strategi for UKM Sogn og Fjordane 2016 – 2019, HNK-sak 1/16

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Grunnen for at saka er fremja

UKM Norge har utarbeidd ein strategiplan for perioden 2020 – 2024 som no er på høyring. Fylkesdirektøren ser det som naturleg at hovudutvalet meiner noko om dette dokumentet, samstundes som ein koplart det til vidare arbeid i eige fylke.

UKM Norge har på vegner av Kulturdepartementet det nasjonale ansvaret for UKM, og skal sørge for at UKM utviklar seg i tråd med tildelingsbrevet. UKM skal stimulere og synleggjere ungdommens kulturelle aktivitet, lokalt, regionalt og nasjonalt, og vere eit landsomfattande arrangement – ope for all ungdom.

Fylkeskommunen har ansvar for UKM på regionalt nivå, kommunane på lokalt nivå. Kvart nivå er sjølvstendig og finansierer den aktiviteten dei har ansvar for.

Hovudutval for næring og kultur vedtok i 2016 ein eigen strategi for arbeidet med UKM i fylkeskommunen for perioden 2016 – 2019.

I 2012 inngjekk fylkeskommunen ein samarbeidsavtale med UKM Norge. Gjennom avtalen forpliktar fylkeskommunen seg til å gjennomføre nettverkssamlingar om utvikling av UKM med kommunane, forankre UKM i planar og avtalar lokalt, sjå etter synergjar mellom kulturskule, DKS og UKM, og arbeide for ein fylkesfestival med høg kvalitet. Fylkeskommunen prioriterer å motivere og støtte lokale arrangørar, og stimulere til lokalt utviklingsarbeid. Målet er at ungdommane sitt møte med UKM lokalt skal opplevast positivt.

### Sentrale problemstillingar

I følgjebrevet til høyringsutkastet viser UKM Norge til fleire faktorar som no gjer strategiarbeidet viktig:

- Kommune- og regionreforma
- Stortingsmeldingar under arbeid (ungdomsmelding og barn- og ungdomskulturmelding)
- Store og raske endringar i ungdom sitt kulturbruk, i sosial åtferd og digitalt liv.

Det er også skissert nokre overordna erkjenningar som UKM Norge meiner er heilt avgjerande.

- Målet med UKM er ikkje UKM, men eit best mogleg kultur- og oppvekstmiljø.
- Det er (for) mange organisasjonar som arbeider parallelt i sine siloar på trass av delvis overlappende målsettingar.
- Det er ingen motsetnad mellom kunsten sin eigenverdi og instrumentell bruk av kultur, snarare er det nyttig å ha ein fot i begge leiarar.
- Der er svært sannsynleg at barn og unge vil leve stadig meir digitale liv, få ein større internasjonal omgangskrets, og bli stadig meir engasjert i spørsmål relatert til FNs bærekraftsmål.

### Historikk - tidlegare vedtak

Endeleg strategiplan skal avløyse UKM Norge sin strategiplan for perioden 2015 – 2020. Hovudutval for kultur gav innspel til denne strategiplanen i HK-sak 14/15. Utvalet handsama også samarbeidsavtalen mellom UKM Norge og Sogn og Fjordane i HK-sak 39/12. Hovudutval for næring og kultur handsama Strategi for UKM Sogn og Fjordane 2016 – 2019 i HNK-sak 1/16.

### Innspel til høyringa

Høyringsutkastet til strategiplanen er sendt til Ungdomspolitisk utval (UPU) for handsaming.

UKM Norge har sendt strategiplanen på høyring til alle kommunar i landet. Fylkesdirektøren har difor ikkje bedt om innspel til høyringa frå kommunane.

## **2. Innhaldet i strategiplanen**

UKM Norge har gjennom arbeidet med ny strategiplan hatt som mål at UKM skal vere relevant for ungdom.

I strategiplanen for perioden 2015 – 2020 vart det gjort ein del justeringar i høve tidlegare planar. Mellom anna vart både visjon og namn endra. Dette er difor uendra i høyringsutkastet som er lagt fram no.

UKM sitt overordna mål er å bidra til lokalmiljø med trygge ungdommar, som brukar kunst og kreativitet til å ytre seg, utøve, medverke og lære. Den magien som blir skapt i dei kulturelle møta, skal vere synlege, verdsett og diskutert.

Fundamentet i UKM er alt det viktige arbeidet som blir gjort av engasjerte kulturarbeidarar, pedagogar og ungdomsarbeidarar i fritidsklubbar, kulturskular og kulturkontor over heile landet. UKM skal forsterke effekten av dette arbeidet – og bidra til samanheng og heilskapstenking på tvers av organisasjonane.

UKM sine verdiar er mangfald og medverknad. Det skal vere ope for nye uttrykk og kulturaktivitetar. UKM skal vere prega av kvalitet gjennom trygge og profesjonelle rammer. UKM skal også på sin måte bidra positivt til FNs bærekraftsmål.

Hovudaktiviteten i UKM er lokale mønstringar. Idealet er å samle breiast mulig spekter av ungdom og kulturuttrykk til utfalding og utvikling gjennom visningar, workshops og sosialt samvær. Ungdommar skal, med rettleiing av profesjonelle vaksne, få ansvar for både planlegging, gjennomføring, dokumentasjon og kunstnarisk innhald. UKM kan gje langsiktige, positive verkander innan mellom anna talentutvikling, folkehelse, samfunnsbygging, kulturnæring og publikumsutvikling.

Planen har fire satsingsområde

1. Samarbeid, heilskapstenking og forankring
2. Ung styring, unge stemmer, unge uttrykk
3. Digital meirverdi og samhandling
4. Internasjonale nettverk

Under kvart satsingsområde er det sett opp tiltak for UKM Norge. Det er også sett opp forslag til tiltak lokalt og regionalt under kvart satsingsområde.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

I følgjebrevet til høyringa skriv UKM Norge at dette er ein invitasjon til høyringsinnspel på UKM's strategiplan 2020-2024. Ein viser også til at UKM Norge har utarbeidd strategiplanen i samråd med nettverket. Det blir ikkje sagt noko om kven nettverket består av.

Fylkesdirektøren er kjend med at fylkeskommunen deltok på eit innspelsseminar hausten 2018, men at ein elles ikkje har vore involvert i utarbeidinga av strategiplanen. Fylkeskommunar og kommunar har ei sjølvstendig rolle i arbeidet med UKM. Det er berre UKM Norge som har eit ansvar i høve kulturdepartementet. Fylkesdirektøren stiller seg difor undrande til at UKM Norge kallar planen for UKM og ikkje UKM Norge sin strategiplan. Planen forpliktar berre UKM Norge, med kan sjåast på som retningsgjevande i høve fylkeskommunar og kommunar sine eigne planar for og arbeid med UKM.

UKM Norge har med sitt strategiplanarbeid som mål at UKM skal opplevast som relevant for ungdom. Det skjer store og raske endringar i ungdom sitt kulturbruk, i sosial åtferd og digitalt liv. Dette tar strategiplanen høgde for gjennom eit eige satsingsområde knytt til digital meirverdi og samhandling. Ein vidarefører også ei mangeårig og vellukka satsing på ungdomsmedverknad. UKM Norge ønskjer også å bygge internasjonale nettverk kring UKM-arbeidet. Fylkesdirektøren vurderer at UKM Norge gjennom val av satsingsområde kan styrke UKM sin relevans for ungdom.

I følgjebrevet til høyringa viser UKM Norge til nokre erkjenningar fylkesdirektøren stiller seg undrande til. Det blir sagt at målet med UKM ikkje er UKM, men et best mogleg kultur- og oppvekstmiljø. Fylkesdirektøren meiner at UKM Norge må ha som mål å utvikle UKM på best mogleg måte slik at ordninga også i åra som kjem kan vere ein viktig del av kommunane si samla satsing på barn og unge. Det er kommunane sitt ansvar å sikre eit best mulig kultur- og oppvekstmiljø for sine innbyggjarar. Det blir vidare sagt at det ikkje er nokon motsetnad mellom kunstens eigenverdi og instrumentell bruk av kultur. Fylkesdirektøren meiner at det er viktig at UKM Norge bygger opp under at kulturen har ein eigenverdi. Ungdom som deltar på UKM skal

oppleve at deira deltaking og det dei vel å presentere har ein verdi i seg sjølv. Ein må tore å stole på at UKM står trygt på eigen bein utan å måtte forankre arbeidet i t.d. folkehelsearbeid eller annan instrumentell tenking. Det er kommunane og ikkje UKM Norge sitt ansvar å sikre heilskapstenkinga kring barn- og unge lokalt.

I følgje UKM Norge sitt oppdrag har organisasjonen eit ansvar for at UKM stimulerer og synleggjer ungdom sin kulturelle aktivitet ikkje berre nasjonalt, men også lokalt og regionalt. Hovudaktiviteten er i følgje strategiplanen lokale mønstringar.

Fylkesdirektøren erfarer at det i mange kommunar er sett av lite eller ingen ressursar til å jobbe med UKM. Statistikkar syner at deltakartalet mange stader går ned. Tiltaka som er sett opp for UKM Norge i strategiplanen handlar hovudsakleg om arbeid på nasjonalt nivå, mot fylkesnettverket og internasjonalt. Fylkesdirektøren saknar tiltak som kan vere med å sikre grunnstrukturen for UKM på lokalt nivå og gjennom det sikre at UKM fortsatt blir ein del av kommunane sitt tilbod til ungdom. Dette kan vere stillingsressursar nasjonalt knytt til rådgjeving overfor det lokale nivået, og økonomiske verkemiddel for å sikre t.d. gjennomføring av tiltak sett opp i strategien som lokale. Døme på tiltak er tverrfagleg planarbeid og tverrfaglege team rundt UKM lokalt. Det er viktig å hugse at kommunane ikkje er forplikta til å arbeide med UKM.

Under forslag til lokale og regionale tiltak er det sett opp punkt under kvart satsingsområde. For det regionale nivået vurderer fylkesdirektøren at det er lite nytt å hente for Sogn og Fjordane. Mange av tiltaka er alt sett i verk og har vore arbeidd med over lang tid. Det same gjeld for det lokale nivået, spesielt for tiltak under strategien «Ung styring, unge stemmer, unge uttrykk».

Fylkesdirektøren ser positivt på at UKM Norge ønskjer å utarbeide malar til samarbeidsavtalar mellom kommunar og regionar. Som ein forløpar til dette må samarbeidsavtalen mellom UKM Norge og fylka frå 2012 takast opp til diskusjon og rullering. På den måten kan ein sikre ei heilskapleg satsing på UKM på alle nivå, nasjonalt, regionalt og lokalt. Det er også naturleg å sjå på avtalen på nytt i lys av den pågåande regionreforma.

Fylkesdirektøren stiller seg undrande til at ingen av dei etablerte samarbeidsavtalene, verken med fylka eller nasjonalt mellom UKM Norge, Norsk kulturskuleråd og Kulturtanken, og med Ungdom og fritid, er nemnt i strategiplanen. Fylkesdirektøren vurderer at desse avtalane er ein viktig del av satsingsområdet «Strategisk samarbeid, heilskapstenking og forankring». UKM Norge sitt arbeid med heilskapstenking bør forankrast i desse samarbeida framfor gjennom instrumentell tenking knytt til verknader av UKM opp mot felt som t.d. folkehelse og samfunnsbygging.

Fylkesdirektøren saknar ein handlingsplan som syner korleis UKM Norge tenkjer seg oppfølginga av strategiplanen. Det er naudsynt for at strategiplanen skal blir verksam og målbar.

#### **4. Konklusjon**

UKM har i over 30 år gitt barn og unge ein arena for eigne kulturuttrykk. For at UKM framleis skal vere relevant for målgruppa er det behov for å tilpasse ordninga til tida vi lever i, og det legg strategiplanen opp til. UKM Norge må vere bevisst si rolle overfor fylkeskommunar og kommunar. Det må kome tydeleg fram at dette er UKM Norge sin strategiplan, og ikkje ein strategiplan for UKM generelt. Det er naturleg som ei oppfølging av den endelege strategien at samarbeidsavtalen med fylka blir tatt opp til diskusjon. Det er også naturleg å legge vekt på dei nasjonale samarbeidsavtalane UKM Norge er part i. Det må også utarbeidast ein handlingsplan for iversetting av strategiplanen. Mange ungdommar møter UKM berre på lokalt nivå. Det er difor behov for ei sterkare nasjonal satsing på dette nivået enn kva som kjem til uttrykk i høyringsutkastet til strategiplanen.